



UTDANNINGS
FORBUNDET
RADØY

Til Formannskapet
Radøy kommune

NY LÆRARNORM

For vel eitt år sidan skreiv vi til dykk og bad om støtte til ny lærarnorm, og vi jubla då den var eit faktum i haust. Men så kjem kvardagen og berekningar av kva den får å seia i praksis. For Hordabø vil den slå positivt ut med elevtalgjennomsnitt på 16,25 i 1. - 4. klasse. I følgje Udir / KS gir dette 1,2 årsverk ekstra. For Sæbø og Austebygd gir endringa utslag ved at «tidleg-innsats-midlane» er borte.

Men som i fjor, er det særleg Manger skule som kjem dårleg ut. Dei har eit gjennomsnittleg elevtal på 25,25 på småskuletrinnet og 27 for 5. - 7. klasse. Ein kunne jo ha tenkt at dette ville ha medført ei deling av *alle* sju klassestega, men gjennomsnittsberekninga fungerer ikkje slik. Udir si berekning er ein auke på berre 0,1 årsverk, noko som nok skuldast at to av klassane har vore styrkte med mange delingstimar inneverande år. Til hausten vil både 1., 4., 5. og 6. klasse vera på nær 30 elevar, så alle desse klassane bør delast, *også* med tanke på arealnorma. Klasseromma er ikkje store nok til å husa så store grupper. I tillegg er det ein auke i tal tunge elevar frå 70 til 90.

I fjor fekk Radøy 1, 3 mill i øyremerkte «tidleg-innsats-midlar». Desse er i år trekte inn i finansieringa av ny lærarnorm. Vi synest særleg det er vanskeleg å godta at småskuletrinnet kjem så svakt ut, for ifølgje dept. «skal ingen kommuner tape på innføringa av normen.» Den er i alle fall eit tap for tidleg-innsats-satsinga som er vedteken i Radøy gjennom La Linea!

Derfor håper vi de politikarar i Radøy vil finna ei løysing for ein budsjettauke som kan sikra vidare styrking av dei yngste. Korleis? I fjor var elevtimefaktoren for småskuletrinnet 1,95 og på mellomsteget 1,68. I framlegget for neste skuleår er faktoren 1,67 for heile barnesteget. Ved å justera den opp til fjorårsnivået, vil ein ha kome eit stykke på veg. Men ein bør også sjå nærare på Manger skule sine særlege utfordringar knytt til elevane og personalet sin rett til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø.

Manger 08.03.2018

Elisabeth Bygstad
Lokallagsleiar